
Fra: Toril Marie Mulen [mailto:toril.mulen@radoy.kommune.no]
Sendt: 4. juni 2013 13:53
Til: Postmottak LMD
Emne: VS: Høyringsuttale til "Forskrift om tilskot til drenering av jordbrukssjord" -

Hei

Vi vil med dette komme med høyringsuttale til Forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord.

Vi er etter fristen med å sende inn høyringsuttalen. Vi ber om orsaking og ber om at innspela våre vert rekna med likevel i høyringa. Vi har hatt korrespondanse med Fylkesmannen, og underteikna har i travelheita mistyda ei melding. Underteikna hadde oppfatta at høyringsutkastet skulle sendast via Fylkesmannen. Men, no er vi gjort merksame på at høyringsutkastet skal sendast direkte til Landbruks – og matdepartementet.

På vegne av kommunane Lindås, Meland, Modalen, Masfjorden, Austrheim, Fedje og Radøy

Beste helsing

Toril M Mulen
Landbrukssjef for Austrheim, Fedje og Radøy
Tlf 56349069 eller 45255889

Fra: Vatshelle, Øyvind [mailto:fmhooyv@fylkesmannen.no]
Sendt: 1. juni 2013 10:48
Til: Toril Marie Mulen; Vaag, Åse
Kopi: Nils Kaalaas; Ottar Myrtveit; Øyvind Hatleli; Anja Broch; Laila Bjørge
Emne: SV: Høyringsuttale til "Forskrift om tilskot til drenering av jordbrukssjord"

Hei!
Takk for info!

Regner med at meldingen til oss bare var til orientering.
Håper at dere også sendte denne til LMD som hadde høringsrunden?!

Hilsen Øyvind

Fra: Toril Marie Mulen [mailto:toril.mulen@radoy.kommune.no]
Sendt: 30. mai 2013 12:44
Til: Vatshelle, Øyvind; Vaag, Åse
Kopi: Nils Kaalaas; Ottar Myrtveit; Øyvind Hatleli; Anja Broch; Laila Bjørge
Emne: Høyringsuttale til "Forskrift om tilskot til drenering av jordbrukssjord"

Høyringsuttale til "forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord"

Formålet med forskrifta er å auke kvaliteten på jordbruksjord slik at produktiviteten på arealet kan auke. Kvifor begrensa dette då berre til areal som tidlegare har vore grøfta? Kven skal dokumentere at arealet har vore grøfta før og korleis skal det gjerast? [Kommunen ved landbrukskontoret kan være delaktig i å avgjere kva areal som er tilskotsberettiga](#). Så lenge arealet er klassifisert som landbruksareal, og kan haustast maskinelt bør ikkje [spørsmålet om det har vore grøfta tidlegare eller ikkje](#) ha nokon betyding. Det bør grøftas der det er behov for grøfting uansett om det har vore ei grøft der frå før eller ikkje.

Satsane for tilskotet er altfor lave og vil ikkje komme kystkommunane til gode. I Austrheim kommune har me i to år hatt kommunalt tilskot til grøfting der kostnadsoverslaga har lagt på 90-150 kr/ m. Austrheim har løyvd opptil 45 kr/m til grøfting, dette dekkjer i dei fleste tilfelle materialkostnadane. Dei fleste søknadane gjeld usystematisk grøfting på langt under 500 m. Dette gjev ikkje rett på tilskot [i den nye forskrifta](#) då berekna tilskot under 5000 kr ikkje utbetalast. I Nordhordland er dei fleste gardane små og teigane små og kronglete. Det er i dei fleste tilfelle ikkje mulig med systematisk grøfting, men er ofte mulig med enkle grøfter eller avskjæringsgrøfter. Behovet for grøfting vert og større ettersom maskinparken vert større og tyngre (som konsekvens av større bruk med meir leigejord og større avstander) og meir nedbør. 10 kr/m vil dekkje ein så liten prosentandel av totalkostnaden at det ikkje vil bli utslagsgjevande i forhold til om ein skal grøfte eller ikkje. Her er også mykje leigejord og terskelen for å grøfte på areal ein ikkje eig er alltid høgare enn å grøfte på eige areal. Konsekvensen blir då at små teiger ikkje blir vedlikehalda og på sikt gror igjen, med dei konsekvensane dette får for både matproduksjon og kulturlandskap.

Me meiner satsane bør aukast til minimum 25 kr/m for usystematisk grøfting, [om tilskotet i det heile skal ha ynska effekt](#). Elles minimum 2500 kr/daa for systematisk grøfting, [om ein vel å gje tilskot i forhold til areal](#). Øvre grense for berekna tilskot som ikkje utbetalast [bør settast ned til 2500 kr](#). [Tilskotet bør være etter meter grøft og ikkje etter areal](#). Setninga om at det berre skal løyvast tilskot til areal som tidlegare har vore grøfta bør sløyfast. Det bør også vurderast om det kan gjevast meir tilskot til større prosjekt med avskjæringsgrøfter/kanalar som berører større område med fleire grunneigarar. [Der det er behov for hovudgrøfter bør ein kunne akseptere enno høgare sats/meter](#), av di ein der kan få heilt andre kostnader.

Uttale på vegne av kommunane i Nordhordland: Austrheim, Fedje, Radøy, Lindås, Masfjorden, Meland og Modalen

Anja Elisabet Broch

Konsulent

Felles landbrukskontor Austrheim, Fedje og Radøy

Tlf: 56349017/ 41456733

Øyvind Hatleli

Spesialkonsulent

Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy

Tlf 56349068 eller 97986514

Toril M Mullen

Landbrukssjef for Austrheim, Fedje og Radøy

Tlf 56349069 eller 45255889

Laila Bjørge
Landbrukssjef for Meland og Modalen

Meland kommune
Pb 79
5906 FREKHAUG
tlf 56 171000 sentralbord, 56171185 direkte nr, mob 957 35405

Nils Kaalaas
Landbrukssjef for Lindås
Tlf 56353365

Ottar Myrtveit
Landbruksrettleiar
Masfjorden kommune
Tlf 56166272 eller 92414316